



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Natalie Martins Sæberg	933 31 534	2022/1032-17	«REF»	27.04.2022

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak ved klage

Klaga vert ikkje gjeve oppsetjande verknad.

Sakens bakgrunn

Klaga gjeld vedtak gjort i Forvaltningsutvalet mars 2022, med særutskrift datert 23.03.2022.

Rettsleg utgangspunkt

Utgangspunktet er at tiltak etter plan- og bygningslova kan iverksetjast umiddelbart etter vedtak.

Når vedtak er påklaga, kan underinstansen avgjere at vedtak ikkje skal iverksetjast før klaga er endeleg avgjort, jf. fvl. § 42. Avgjersla skal gjerast basert på ei heilskapleg vurdering og interesseavveiging av klaga og høve knytt til saka, jf. Sivilombudsmannens årsmelding 1985 side 154.

Vurdering

Kommunen har gjort førebels vurdering av klaga. Klaga av 08.04.2022 gjeld i hovudsak innverknad på ytre miljø for drift av klagars verksemd, samt manglande tidsaspekt for ferdigstilling av tiltak.

Det vil vere til ulempe for tiltakshavar om tiltaket ikkje kan iverksetjast før endeleg avgjerd i klagesaka. Samstundes vil eventuell medhald i klaga vere utan reell verknad dersom tiltaket er utført før klaga er avgjort. Kommunen har vurdert dette tilfellet konkret. Det er stilt vilkår i vedtaket som må oppfyllest før igangsetting kan starte. Desse vilkåra består av informasjon klagar i stor grad etterspør. Tiltaket er stort og dersom vilkåra vert oppfylt kan tiltakshavar gå i gang med arbeidet før klaga er ferdigbehandla. Det skal likevel gjerast i tråd med forureiningsregelverket slik det går fram av vedtaket. Kommunen vurderer at tiltaket er i tråd

med regelverket og skal ivareta partar slik saka er lagt fram. Kommunen finn på bakgrunn av dette ikkje grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtak.

Avslag på anmodning om utsett iverksetjing er gjort med heimel i fvl. § 42. Det er ei prosessuell avgjerd og ikkje eit einskildvedtak, det er difor ikkje klagerett på denne avgjerda.

Bygningsmynde vil førebu klagesaka til politisk handsaming i forvaltningsutvalet når partar har fått uttalt seg og administrasjonen har gått gjennom klagepunkt med tilsvar.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Natalie Martins Sæberg
Avdelingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.